



Vestland Fylkeskommune Eigedom  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/4438 - 22/41239

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

30.05.2022

## Vedkommende fettutskiljar ved Manger Folkehøgskule - GBNR 445/105

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp har den 10.05.2022 motteke årsrapport for fettutskiljar for driftsår 2021.

Innsendt årsrapport viser eit anlegg med for høg temperatur. Temperatur er målt til 32,8 °C. Ei fettutskiljar har ingen funksjon når temperatur i anlegg når 30°C. Ved denne temperaturen vil fetthaldig avløpsvatn vert ført ut på kommunalt avløpsnett slik at fett vert avsett der.

Fett som vert ført ut på kommunalt avløpsnett påfører dette og renseanlegg skader. Dette medfører store drift- og vedlikehaldskonstader som må dekkas inn via kommunalt avløpsgebyr.

Mengde fett som er registrert ved tømning, gir indikasjon på at utskiljar ved Manger Folkehøgskule ikkje fungerer slik den skal. Lite fett i anlegg og høg temperatur gir indikasjon på at anlegg ikkje klarer å handtere den mengde fetthaldig avløpsvatn som vert ført på anlegget.

Før kommunen tek stilling til om vi skal gje pålegg om utskifting av anlegg, ynskjer vi følgjande dokumentasjon:

- Størrelse på fettutskiljaranlegg (oppgis i NS = kor mange liter/sek anlegg kan handtere)
- Type anlegg og om det er installert prøvetakingskum
- Utstyr som vert nytta ved kjøkkenet:  
Alt utstyr som har påslepp til av fetthaldig avløpsvatn til utskiljaranlegg skal oppgis.

Dette kan, til dømes, være utstyr som:

- Tappekraner (antall og dimensjon - for eksempel 1/2", 3/4" eller 1")
- skylle-/matkummer (med eller uten sil. Antall og dimensjon må oppgis)
- Antall oppvaskmaskiner/steamere
- Antall kombidampere
- Vippepanne/gryter (antall og dimensjon må oppgis)
- Antall kokegryter (antall og dimensjon må oppgis)

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Vi ber om at dokumentasjon på anlegg vert sendt inn til kommunen innan 20.06.2022. Dersom kommunen ikkje mottek dokumentasjon innan fristen, vil kommunen vurdere pålegg om utskifting av anlegg ut i frå rapporteringa.

Førehandsvarsel om pålegg om utskifting av fettutskiljar:

Alver kommune gir med dette eit førehandsvarsel om mogleg pålegg om utskifting av fettutskiljar ved Manger Folkehøgskule. Førehandsvarsel er gitt i samvar med forvaltningslova § 16.

Heimel:

Alver kommune har heimel i forskrift om påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn, Alver kommune, til å setje krav til utskiljaranlegg for å hindre at avløpsnett/reinseanlegg vert påført skader.

Abonnenten si plikt:

Abonnenten si plikt er å sjå til at hans privat avløpsanlegg, herunder fettutskilar, er i forskriftmessig stand og at fastsettingar gitt i abonnementsvilkåra, forskift og løyver vert fulgt.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Vestland Fylkeskommune  
Eigedom

Postboks 7900 5020

Bergen